

Øystein Vikingsen Fauske slutter som CEO i Wattn

Etter nesten to år som CEO har Øystein Vikingsen Fauske meddelt styret at han sluttar i jobben for å gå over i ny stilling som CEO hos Devold of Norway. Framover vil han sjølv sagt fortsette å heie på Wattn, men no frå sidelinja.

Øystein kom inn i Wattn rett etter oppstarten, og har saman med resten av dei tilsette bygd ein solid grunnmur for selskapet. Det er ei rivande utvikling i straumbransjen og selskapet har på kort tid klart å markere seg som eitt av dei leiande straumselskapa i Norge.

- Sidan starten har vi jobba for å levere verdiskapande tenester til kundane våre, gi dei innsikt og moglegheiter til å kunne ta energieffektive grep i kvardagen din. Det gleder meg at kundeundersøkingar og -dialogar viser at vi har lykkast med dette. Framtidsutsiktene for Wattn er gode og utviklinga av innovative løysingar for kundane våre vil fortsette med full styrke, seier Vikingsen Fauske, som har sin siste arbeidsdag i selskapet 31. januar 2023.

Styreleiar Erik Espeset seier at Vikingsen Fauske sin avgong er beklageleg. Styret er veldig godt fornøyd med den posisjonen selskapet har oppnådd så langt, arbeidet som er gjort og framtidsutsiktene.

- Øystein har gjort ein fenomenal jobb som toppleiar for Wattn. Selskapet har blitt vokse og markert seg både i inn- og utland, så dette lovar bra. Fram til vi har fått tilsett ein ny CEO vil Bjarne Dybvik, tidlegare administrerande direktør for SFE Kraft, gå inn som konstituert CEO for Wattn når Vikingsen Fauske sluttar i stillinga i januar, seier Erik Espeset.

Om Wattn

Straumselskapet Wattn er skapt og eigd av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa, Sognekraft, Stryn og Vestlandsenergi. Sidan oppstarten har selskapet over 110 000 kunder, og har ambisjoner om vidare vekst.

Wattn har framtidsretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ønsker vi å gi kundane bedre innsikt og kontroll over kostnadar og forbruk. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn og Kvinnherad.

Kontaktinformasjon:

Øystein Vikingsen Fauske, CEO

Telefon: 924 61 952

E-post: oystein.vikingsen.fauske@wattn.no

Elin Hessen, pressekontakt

Telefon: 982 16 270

E-post: elin.hessen@wattn.no